



Eva Hindenes
Veland 16
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4839 - 22/55420

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
14.10.2022

Løyve til fasadeendring og oppføring av veranda - gbnr 12/31 Veland

Administrativt vedtak: **Saknr:**
Tiltakshavar: Eva Hindenes
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Det vert gjeve løyve til fasadeendringer og oppføring av veranda og på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal utførast som gjort greie for i søknad datert 14.06.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§ 20-4.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om fasadeendringer på einebustad samt oppføring av veranda med bygd areal (BYA) ca. 23,8m². Utnyttingsgrad er opplyst til ca 15,6% BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.06.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 30.09.2022 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustad. Grad av utnytting ihht. gjeldande plan er 30% BYA.

Dispensasjon

Alver kommune, avd. for samferdsel og vegforvaltning har 30.09.2022 med heimel i veglova §§40-43 gjeve dispensasjon frå byggegrense mot veg på gbnr 12/31.

Vilkår for løyvet:

- Minste avstand mellom tiltak og midte kommunal veg skal vera minimum 6,9 meter som omsøkt.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert i byggegrense mot kommunal veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg skulle oppstå skader på tiltaket, er dette tiltakshavar sitt ansvar.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 11.01.2022 og gjeld einebustad med bygningsnummer 176304405.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4 meter.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Ingen endring på grunn av tiltaket.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/4839

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Eva Hindenes

Veland 16

5993

OSTEREIDET